



LINDÅS KOMMUNE  
RÅDMANNEN  
5100 ISDALSTØ  
TLF.: (05) 35 05 55

Austrheim kommune  
5136 MASTREVIK

AVTALE MED AUSTRHEIM KOMMUNE OM LINDÅSELEVAR VED KALAND SKULE

Lindås kommunestyre handsama saka i møte 4. juni 1987, sak 56, og vedtok der å akseptera tilbodet frå Austrheim kommune vedkomande elevar ved Kaland skule, førebels avgrensa til skuleåret 1987/88.

LINDAS KOMMUNE, RÅDMANNEN, 16. juni 1987

Alf Eng Markussen  
rådmann

AUSTRHEIM KOMMUNE  
Ordføreren

K-64/87  
Saksnr. : F-126/87  
Arkivnr. : 212  
Sakshands: KR/ISL  
Dato : 18.6.1987

AVTALE MED LINDÅS OM ELEVAR VED KALAND BARNE- OG UNGDOMSSKULE.

Austrheim og Lindås kommunar inngjekk slik avtale om elevar frå Lindås ved Kaland barne- og ungdomsskule skuleåret 1986/87:

"Med bakgrunn i drøftingsmøte mellom Lindås og Austrheim kommunar om interkommunal skuleordning ved Kaland skule vert det for Lindås kommune å betale "ein rund sum" på kr 575.000,- for skuleåret 1986/87 med betalingsfrist 01.01.1987."

Skuleåret 1986/87 er Kaland barne- og ungdomsskule maksimalt utnytta. Ved ei deling av ungdomsskulen frå 1987/88 vil driftskostnadene pr. elev ved Kaland stiga. Spørsmålet er om Lindås skal vera med å betala denne kostnadsauken.

I forhandlingar med Lindås om framtidig avtale om Lindåselevar på Kaland, har Austrheim kome med tilbud om at ein "frys fast" betalingssatsane på 1986/87-nivå og desse prisane vert så justert kvart år ut frå konsumprisindeksen.

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune inngår fylgjande avtale med Lindås kommune om elevar frå Lindås ved Kaland barne- og ungdomsskule:

1. ORGANISASJON:

- Avtalen frå 1963 "interkommunal skule" på Kaland vert oppløyst.
- Lindås elevane går på Kaland som "gjesteelevar" og omfattar 1. - 10. klasse.
- Foreldra til elevane deltek i skulen sine rådorgan med fulle rettar og plikter.

2. ØKONOMI:

Ved framtidig betaling tek ein utgangspunkt i fylgjande betalings-satsar (pr. 1/7-87).

- Kr 13.700,- pr. elev på barnetrinnet.
- kr 17.600,- pr. elev på ungdomstrinnet.

Prisane vert justert i samsvar med konsumprisindeksen. Betalingsfrist 1. januar i kvart skuleår.

Eventuell skuleskyss vert Lindås - kommunen sitt ansvar.

3. AVTALETID.

Avtalen kan seiast opp av begge partar med frist på 1 år.

Knut Risnes

-----  
Møte i formannskapet den 23.06.1987 SAK 126

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

-----  
Møte i Austrheim kommunestyre, 1.7.1987, sak 64.

Formannskapetstilsrådinga frå møte 23.6.1987, sak 126, vart samrøystes vedteke av kommunestyret.

-----  
Rett utskrift: Austrheim formannskapskontor, 9.7.1987.

Karstein Oen  
form.sk.sekretær

Utskrift til:  
Lindås kommune.  
Skulekontoret.  
Kommunekassa.

